



Adv. Stiegler
Chr. Michelsensgt. 2A
5012 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/326 - 15/8437

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
14.12.2015

Løyve til utslepp frå minireinseanlegg på gbnr. 128/27

Administrativt vedtak. Saknr: 163/15

Saksutgreiing:

Austrheim kommune syner til søknad om utsleppsløyve frå minireinseanlegg på eigedom gbnr. 128/27 på Leirvåg. Kommunen set krav til forvaltningsmessige tilhøve og tekniske løysingar knytt til nye bygg, påbygg, tilbygg, bruksendringar og utvidingar av hus og fritidsbustadar, men òg ved rehabilitering av mindre avlaupsanlegg, slik at omsynet til vassmiljø, resipient og brukarinteressene vert teke vare på i Austrheim kommune. Austrheim kommune set krav i slike saker med heimel i Forskrift om begrensning av forurensning (forurensningsforskriften). Formålet er å beskytte miljøet mot uheldige verknadar av utslepp av avlupsvatn.

Etablering av nye utslepp eller vesentleg utviding av eksisterande utslepp av sanitært avlupsvatn er søknadspliktig etter forureiningsforskrifta § 12-4. Dette er ein søknad i tråd med forureiningsforskrifta § 12-5 som seier at ingen kan setja i verk nye utslepp eller auke utslepp vesentleg utan at løyve er gjeve i medhald av § 12-5.

I omsøkt område vurderer Austrheim kommune at typegodkjent minireinseanlegg etter forureiningsforskrifta § 12-10 kan akseptast som ein tilfredstillande utsleppsløysing frå den bebygde eigedommen på gbnr. 128/29. Forurensingsforskrifta seier dette:

§ 12-10. Dokumentasjon av rensegrad

Minireinseanlegg skal ha dokumentasjon som tilfredsstillar NS-EN-12566-3 eller tilsvarende standard for rensegrad, slamproduksjon og gjennomsnittlig lufttemperatur. Øvrige reinseanlegg skal ha dokumentasjon på at anerkjent dimensjonering og utforming er benyttet.

Renseanlegg med naturlig infiltrasjon i grunnen skal i tillegg ha dokumentasjon på at anleggets størrelse og plassering er tilpasset de aktuelle vannmengdene og grunnforholdene på stedet. Dokumentasjonen skal omfatte grunnundersøkelse og inneholde informasjon om hydraulisk kapasitet, infiltrasjonskapasitet, løsmassenes egenskaper som rensemedium og risiko for forurensning.

Austrheim kommune har vurdert ut frå § 12-11 i forureiningsforskrifta at omsøkt utslippstad skal ha typegodkjent minireinseanlegg frå gbnr. 128/29. Godkjent avlaupsløysing er her minireinseanlegg reinseklasse A med minimum 90% reduksjon av forsfør og BOF5. Forureiningsforskrifta seier dette:

§ 12-11. Utslippssted

Utslippsted for avløpsvann fra renseanlegg skal lokaliseres slik at:

- b) utslipp til elv kun forekommer til elv med helårsavrenning, og*
- c) utslipp til grunnen kun forekommer til stedegne løsmasser.*

Utslippsted for avløpsvann fra renseanlegg skal for øvrig lokaliseres og utformes slik at virkningene av utslippet på resipienten blir minst mulig og at brukerkonflikter unngås, herunder slik at utslippet ikke medfører fare for forurensning av drikkevann.

Ved val av resipient (utslippstad) skal ein legja vekt på resipients kapasitet, økologi og brukaintresser og til ein kvar tid ny kunnskap om området og saksfeltet. Resipient er vassførekomst som mottar forureining frå avlaupsanlegg. Resipient for alle typar anlegg er overflatevatn (bekk, elv, sjø, innsjø, våtmark, kanalar med vassføring).

Utsleppsstad for avlaupsvatn frå minireinseanlegg skal lokaliserast slik at utslepp i tett leidning til elv/bekk/kanal/grøft skal berre skjer til resipient med årsikker vassføring, jf. § 3 i Vannressurslova, eller til leidning for jordbruksdrenasje dersom den munnar ut i resipient med årsikker vassføring. Anlegget og leidningar må vera frostsikre og ha tilstrekkeleg yteevne under alle normale klimatilhøve. Avlaupsanlegget skal dimensjonert, byggjast, drivast og vedlikehaldast på ein slik måte at omgivnadene ikkje vert utsett for sjenerande lukt.

Ved bruk av reinseløysingar som inkluderer mekaniske komponentar, som krev periodisk ettersyn og vedlikehald, skal anleggseigar inngå sørvis/vedlikehaldsavtale med godkjent føretak. Ved alle minireinseanlegg skal det som del av drifts- og vedlikehaldsavtalen takast representativ prøve på utlaup minimum kvart 4. år. Denne skal analyserast på tot-P og BOF5 av akkrediterte laboratorium.

Sørvis/vedlikehaldsføretak pliktar å senda årsrapport kvart år for anlegg med sørvis- og vedlikehaldsavtale til kommunen. Anleggseigar skal ha kopi av sørvisrapport ved utført sørvis/vedlikehald. På spørsmål frå kommunen pliktar også føretaket å framlegga kopi av sørvisrapport til kommunen. Ved konkurs/opphør hjå leverandør skal eigar inngå drifts- og vedlikehaldsavtale med annan fagkyndig verksemd, godkjent av kommunen.

Minireinseanlegg skal plasserast og utformast slik at tømning er mogleg. Plassering og tilkomst skal oppfylle gjeldande krav i «Forskrift for slamtømming». Ved installering av minireinseanlegg vert det såleis stilt krav om at anlegget er tilgjengeleg for tømning med septikbil frå **køyrbar veg**. Krava til vegstandard, maksimum høgde og avstand frå slambil sin plassering ved tømning til tank skal vera i tråd med Austrheim kommune sin kommunale slamforskrift. **Køyrbar veg er veg** som har

tilfredsstillande snuplass eller gjennomkjøring og dessutan kurvatur, stigningsforhold, breidde og styrke for å tåla eit kjøretøy av typen som tømmer og hentar slam i Nordhordland. Ved tvist om vegen er køyrbar, er kommunen sitt syn avgjerande.

Alle reinseanlegg skal tilretteleggjast for prøvetaking på utlaup. Kommunen kan etter ei tid med drift, eller ved mistanke om forureining, krevje at anleggseigar sendar inn prøvar til akkrediterte laboratorium som viser effekten av anlegget (analyse av fosfor, nitrogen, BOF5 og TKB). BOF5 er biokjemisk oksygenforbruk over fem døgn. Mål på innhald av organisk stoff i vatn. TKB er termotolerante koliforme bakteriar. Indikator på førekomst av tarmbakteriar.

Dersom anleggseigar ikkje etterkommar krav om analyser kan kommunen utføre analysearbeidet for anleggseigar si rekning. Leverandør/produsent av anlegget kan ikkje utføre prøvetaking av utsleppskontroll. Dersom anlegget sin yting/funksjon ikkje er tilfredsstillande, eller om sørvis/vedlikehald er mangelfull, kan kommunen treffe naudsynte vedtak i medhald av forureiningslova.

Føretak som prosjekterer eller utfører avlaupsanlegg skal gjera dette i samsvar med plan- og bygningslova og forureiningslova. Dette gjeld både for søknad, prosjektering, utføring og kontroll. Ansvarleg søker må sikra at alle krav i eller med heimel i lov og forskrifter er oppfylt. Eigar er ansvarleg for all forureining frå anlegget. Når avlaupsanlegget er ferdig bygd, må ferdigmelding sendast til kommunen.

Vedtak

Austrheim kommune gjev utsleppsløyve til minireinseanlegg som omsøkt for gbnr. 128/27 på Leirvåg. Krav til tiltaket og grunngjeving for vedtaket er gjeve i saskutgreiinga.

Vedtaket er heimla i forureiningsforskrifta §§ 12-5, 12-8, 12-10 - 12-14.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen underskrift.

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Mottakere:

Adv. Stiegler	Chr. Michelsensgt. 5012 2A	BERGEN
Mijøconsult AS	Fantoftveien 44 5072	BERGEN
Svanhild og Bjarne Neteland	Mongstadvegen 5953 1290	FONNES